

# Noregs Bank Berekraft og samfunnsansvar 2021



Denne rapporten er eit utdrag frå årsmeldinga til hovudstyret  
inkludert i Noregs Banks årsrapport og rekneskap for 2021.  
Sjå heile rapporten på [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no)  
Sjå også utfyllende informasjon om ansvarleg forvaltning i  
Statens pensjonfond utland på [www.nbim.no](http://www.nbim.no)

# Føreord

Berekraftig utvikling og klimarisiko er viktige utfordringar for oss i Noregs Bank når vi skal løyse samfunnsoppdraga våre. Denne rapporten viser breidda i berekraftsarbeidet vårt. Det gjeld oss som sentralbank og forvaltar av Statens pensjonsfond utland, og det gjeld oss som arbeidsgivar og arbeidsplass.

Dei siste åra er arbeidet med klima og klimarisiko blitt eit stadig viktigare tema for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter. God forståing av korleis klimaendringar og overgangen til lågutsleppssamfunnet påverkar økonomien og det finansielle systemet, er ein viktig premis for både pengepolitikken og arbeidet med finansiell stabilitet. Derfor utvikla vi i 2021 eit tettare samarbeid med internasjonale organisasjonar og andre sentralbankar. Mellom anna inviterte vi nordiske sentralbankar til ein eigen workshop om dette temaet i Oslo i oktober 2021.

Sidan 2009 har Norges Banks Investment Management hatt forventningar til korleis selskapa fondet er investert i, handterer klimarisikoen. I 2021 tydeleggjorde vi at selskapa skal ha ein klimaplan med mål om ein utsleppsreduksjon i tråd med Parisavtalen. Vi publiserte òg nye forventningar til korleis selskapa i forretningsdrifta skal ta omsyn til det biologiske mangfaldet og økosystemet. Fondet opplever at det har vore ei klar betring hos selskapa når det gjeld rapportering og handtering av klimarisiko. Kvart år måler vi dei selskapa i fondsporteføljen som er mest utsette for klimarisiko. Frå 2019 til 2021 såg vi at andelen selskap som vi meinte hadde ei svært god handtering, auka frå 27 til 50 prosent.

Som investor ønskjer fondet å vere ein aktiv eigar. Det er nettopp som eigar fondet kan påverke. Det inneber ikkje at vi skal eige alle selskap. Sidan 2012 har Norges Bank Investment Management selt seg ut av 366 selskap som vi meiner ikkje har ein berekraftig forretningsmodell, og der det er minimale høve til å påverke. I tillegg er vi begynt å gå gjennom berekraftsrisikoen i selskapa før dei inngår i referanseindeksen til fondet. I sum meiner vi at dette gir oss eit betre bilete av berekraftsrisikoen i porteføljen vår, og at det gir oss fleire høve til å følgje opp innsatsen til selskapa.

I 2021 har Noregs Bank utvikla berekraftsstrategien vidare. Strategien går ut på at vi gjennom verksemdsstyringa skal sørge for at dei tilsette og partnerane våre skal kunne ta berekraftige val i kvardagen. Strategien tek òg for seg korleis vi som arbeidsgivar skal dyrke ein kultur som fremjar mangfald, inkludering og like moglegheiter for alle. Som eit ledd i dette arbeidet har vi mellom anna slutta oss til «Kvinner i Finans Charter», eit initiativ som skal bidra til å få fleire kvinner i leiande posisjonar i finansnæringa i Noreg.

God rapportering føreset at ein er open om resultat og måltal. Det har vi lagt vekt på i denne rapporten. Her finn du alt frå tal for det samla karbonavtrykket til selskapa i porteføljen til Statens pensjonsfond utland og Noregs Bank sin eigen klimarekneskap til tal for kjønnsbalanse og lønn. På enkelte område er det ei positiv utvikling, på andre har vi framleis ein veg å gå. Men vi trur at det å vere open er ein føresetnad for at vi skal nå målet vårt: å bidra til ei meir berekraftig utvikling. God lesing!



Ida Wolden Bache  
Sentralbanksjef



Gjennom forvaltninga av Statens pensjonsfond utland er Noregs Bank ein viktig investor i dei globale kapitalmarknadene.

# Samfunnsoppdrag og berekraftsstrategi

Arbeidet med berekraft og samfunnsansvar er viktig dersom vi skal kunne utføre samfunnsoppdraga våre i tråd med reguleringar og krav i samfunnet.

Samfunnsoppdraget til Noregs Bank er å fremje økonomisk stabilitet i Noreg og forvalte verdiane i Statens pensjonsfond utland med det formål å sikre høgast mogleg avkastning med akseptabel risiko. Noregs Bank skal i verksemda si halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar.

Gjennom forvaltinga av Statens pensjonsfond utland er Noregs Bank ein viktig investor i dei globale kapitalmarknadene. Det er gjennom ansvarleg investeringsverksemd Noregs Bank har størst påverknad på miljø, sosiale forhold og kamp mot korrupsjon. Banken arbeider med ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland og valutareservane mellom anna gjennom dialog med selskapa, stemmegiving ved generalforsamlingar og utestenging av selskapa på bakgrunn av fastsette retningslinjer.

## Berekraftsstrategi

Noregs Bank sin strategi for berekraft er delt inn i tre hovudområde med tilhøyrande målsetjingar. Den fullstendige strategien er å finne på nettsidene til Noregs Bank.

## Klima og miljø

- Vi skal arbeide med å redusere utslepp frå eiga drift i tråd med ambisjonane i Parisavtalen.
- Vi skal vurdere og handtere den klima- og miljørelaterte risikoen i kapitalforvaltinga for å fremje langsiktig verdiskaping og vere leiande innanfor ansvarleg forvaltning.
- Vi skal auke kunnskapen om korleis klimarelaterte endringar påverkar økonomisk utvikling og stabilitet.

## Samfunn og sosiale forhold

- Vi skal dyrke ein kultur for mangfald, inkludering og like moglegheiter for alle.
- Vi skal sørge for at medarbeidarane våre trivst og blir utfordra, og at dei har kompetanse til å møte framtidige utfordringar.
- Vi skal fremje menneskerettar og arbeidstakarrettar gjennom både anskaffingar og leverandøroppfølging.

## Verksemdsstyring, etikk og kultur

- Vi skal sørge for at både dei tilsette og samarbeidspartnarane våre er i stand til å ta berekraftige val.
- Vi skal rapportere om arbeidet med berekraft i tråd med beste praksis.
- Vi skal støtte opp under utviklinga av standardar for velfungerande marknader, god selskapsstyring og ansvarleg forretningspraksis.

## Rapportering i samsvar med rekneskapslova § 3-3c

Noregs Bank er underlagd rekneskapslova § 3-3c. Vi er pålagde å «redegjøre for hva foretaket gjør for å integrere hensynet til menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter, likestilling og ikke-diskriminering, sosiale forhold, det ytre miljø og bekjempelse av korrupsjon i sine forretningsstrategier, i sin daglige drift og i forholdet til sine interessenter». Dette kravet varetek banken gjennom denne rapporten.

Rapporteringa følgjer strukturen i berekraftsstrategien: klima og miljø, verksemdsstyring, etikk og kultur og samfunn og sosiale forhold.



# Klima og miljø

Klimaendringar og tiltak for å redusere dei påverkar økonomien og det finansielle systemet. Derfor påverkar dei òg korleis vi arbeider med kjerneoppgåvene.

## Arbeid med klimaendringar og klimarisiko i Noregs Bank

Den globale oppvarminga fører til meir ekstremvær og gradvis stigande havnivå. Parisavtalen har som mål at temperaturen på kloden ikkje må stige meir enn 2 °C, og helst ikkje meir enn 1,5 °C. Skal ein få til dette, må utsleppa kuttast kraftig. Noreg har som mål å redusere klimagass-utsleppa med 55 prosent av 1990nivået innan 2030 og vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. For å nå måla må økonomien omstillast, noko som krev både politiske tiltak, preferanseendringar og satsing på teknologi.

Klimarisiko blir definert som risiko knytt til framtidige fysiske klimaendringar og endringar knytte til overgangen til eit lågutsleppssamfunn. Klimarisiko har lenge vore eit tema i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Dei seinaste åra har også resten av banken gjort fleire analysar av kva som er konsekvensane av klimaendringane for den makro-økonomiske utviklinga og den finansielle stabiliteten. Det er likevel framleis mykje vi ikkje veit om dei økonomiske og finansielle følgjene av eit endra klima. I tida framover vil banken leggje vekt på styrkt fagleg kompetanse på klimarelaterte spørsmål innanfor alle oppgåver og mandat.

Det mest anerkjende rammeverket for klimarisiko-rapportering er utarbeidd av Task Force on Climate-related Financial Disclosures (TCFD). TCFD blei nedsett av G20-landa sitt Financial Stability Board (FSB) i 2016 og leverte tilrådingane sine i 2017. Tilrådingane spesifiserer korleis verksemdar bør arbeide med og rapportere på klimarisiko og styring. Noregs Bank støttar intensjonen i tilrådingane

og meiner at rammeverket kan bidra til ei meir universell og konsistent rapportering på tvers av jurisdiksjonar. Med utgangspunkt i TCFD har organisasjonen Network for Greening the Financial System (NGFS) utarbeidd tilrådingar til sentralbankar. Noregs Bank bidrog i dette arbeidet.

I samband med den årlege klimakonferansen til FN (COP26) publiserte Noregs Bank ei fråsegn. Her kjem det fram ei oversikt over banken sine ambisjonar innanfor klimarelatert arbeid.

## Arbeid med klima og klimarisiko i sentralbankverksemda

God forståing av korleis klimaendringane og overgangen til eit lågutsleppssamfunn påverkar økonomien og det finansielle systemet, er ein viktig premis for at sentralbankane skal kunne gjennomføre pengepolitikken og fremje finansiell stabilitet på ein god måte.

NGFS er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter. Noregs Bank blei medlem av NGFS i 2018. Nettverket bidreg til å dele erfaringar og beste praksis, utføre analysar og utforme metodar for å handtere miljø- og klimarisiko med relevans for dei finansielle myndighetene og finanssektoren. Noregs Bank vil halde fram det tette samarbeidet med internasjonale organisasjonar som NGFS, BIS, IMF og andre sentralbankar for å styrkje den felles forståinga av dei makroøkonomiske verknadene av klimaendringane.

I 2021 arrangerte Noregs Bank ein [nordisk workshop](#), «Climate change and central banking – a Nordic perspective», for å dele synspunkt om og erfaringar med korleis sentralbankar kan arbeide med klimarelaterte problemstillingar.

### **Klimaendringar og pengepolitikk**

Tiltak for å redusere klimagassutslepp vil påverke strukturen i økonomien og dermed innretninga av pengepolitikken. I tillegg blir det stadig fleire ekstremvêrhendingar globalt på grunn av klimaendringane, og det kan òg påverke norsk økonomi og gjere dei pengepolitiske avvegingane meir krevjande. Styringsrenta er ikkje noko eigna verkemiddel for å påverke klimaet, men i periodar med strukturelle endringar og mykje uvisse, som ved klimarelaterte endringar, kan det vere endå viktigare enn elles at pengepolitikken bidreg til prisstabilitet og stabilitet i realøkonomien.

Noregs Bank arbeider med å auke forståinga av korleis klimarelaterte endringar påverkar norsk økonomi og pengepolitikk.<sup>1</sup> I 2021 har vi mellom anna kartlagt korleis bedriftene i det regionale nettverket vårt blir påverka av klimarelaterte endringar,<sup>2</sup> og analysert effekten klimaomstillinga har på investeringane i Fastlands-Noreg<sup>3</sup>. Klimaomstillinga er i stor grad ei energiomstilling. Vi har derfor jobba ekstra mykje med energimarknadsanalyse.<sup>4</sup>

### **Klimarisiko og finansiell stabilitet**

Ein viktig del av samfunnsoppdraget til Noregs Bank er å fremje eit robust finansielt system.

Ei rask og brå omstilling kan medføre ein risiko for den finansielle stabiliteten. Overgang til lågare utslepp av klimagassar og ny regulering inneber ein overgangsrisiko for norsk økonomi i åra som kjem. Engasjement med store utslepp vil få størst behov for omstilling og er dermed mest utsette for overgangsrisiko. Analysar som Noregs Bank har publisert i 2021, viser at dei norske bankane si direkte eksponering mot engasjement som er sårbare for auka prisar på klimagassutslepp, er moderat.

Bankane er òg eksponerte mot fysisk klimarisiko ved at engasjement kan lide tap som konsekvens av skadar. Skadar

kan òg påverke verdien av pant som er brukt som sikkerheit for lån. Analysar av eigedom som bankane held som pant, viser at norske bankar si eksponering mot «kjend» fysisk klimarisiko er lita. Konsekvensane av framtidige klimaendringar kan likevel bli langt meir omfattande enn det som no blir lagt til grunn. Bankane bør ta slik risiko med i berekningane når dei vurderer nye engasjement.

Framover vil Noregs Bank halde fram arbeidet med å gjere kvantitative vurderingar av klimarisiko for norske bankar og delta i det internasjonale arbeidet med nye rapporteringskrav. Noregs Bank deltek òg i arbeidsstraumen til NGFS om finansiell stabilitet.

Sjå ytterlegare omtale i rapporten «Finansiell stabilitet 2021».

### **Klimarisiko i kapitalforvaltninga**

#### **Klimarisiko i Statens pensjonsfond utland**

Dei klimarelaterte risikoane for Statens pensjonsfond utland følgjer av innverknaden som klimaendringane kan ha på fondsinvesteringane, og av korleis selskap og myndigheter tek høgd for og tilpassar seg desse endringane. Handtering av klimarisiko i forvaltninga er ein del av den ansvarlege fondsforvaltninga. Ein utfyllande omtale er å finne i kapittelet Ansvarleg forvaltning i Statens pensjonsfond utland.

Ved å bidra til å etablere standardar og gjennom investorforventingar og aktivt eigarskap prøver Noregs Bank å sikre at selskapa i porteføljen er godt rusta til å handtere risiko og moglegheiter ved klimaomstillinga. Dei siste to åra har Noregs Bank vore i dialog med selskap som samla står for om lag 54 prosent av karbonavtrykket i aksjeporteføljen til fondet. Gjennom nedsal i særleg utsette selskap har Noregs Bank redusert eksponeringa mot klimarisiko.

Noregs Bank har analysert karbonavtrykket til selskapa i porteføljen sidan 2015. Analysen gir innsikt i omfanget av klimagassutslepp i selskapa som fondet er investert i. Analysen kan òg gi innblikk i risikoar og moglegheiter på tvers av bransjar. Det er framleis varierende frekvens og kvalitet på rapporteringa av klimagassutslepp og framleis mange selskap som ikkje rapporterer utsleppstala.

1 Sjå utdjuping i «Pengepolitisk rapport 1/21».

2 Sjå Brekke, Eger og Erlandsen (2021).

3 Sjå utdjuping i «Pengepolitisk rapport 2/21».

4 Sjå Winje (2021), Naug og Winje (2021) og utdjupingar i «Pengepolitisk rapport 3/21» og «Pengepolitisk rapport 4/21».





Basert på prosentvis eigarandel i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeporteføljen til fondet 90 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2021. Utsleppa til selskapa i fondsaksjeporteføljen var 2 prosent lågare enn i 2020. Utsleppa til selskapa i aksjeporteføljen var 5 prosent lågare enn for referanseindeksen.

Selskapa i fondsaksjeporteføljen sleppte ut om lag 140 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per million amerikanske dollar i omsetning. Dette blir kalla utsleppsintensiteten til aksjeporteføljen. I 2021 var han 4 prosent lågare enn for referanseindeksen.

Forskjellen i berekna utsleppsintensitet mellom porteføljen og referanseindeksen kan i hovudsak tilskrivas at fondsinvesteringane innanfor industri og kraft- og vassforsyning har lågare utsleppsintensitet enn selskapa i referanseindeksen.

For selskapsobligasjonar er karbonintensiteten til porteføljen 23 prosent lågare enn karbonintensiteten til referanseindeksen. Det kjem i hovudsak av at fondsinvesteringane i industriselskap har lågare utsleppsintensitet enn referanseindeksen.

Som ein stor, global og diversifisert investor dreg Noregs Bank nytte av samspel på tvers av marknaden, porteføljen og selskapa. På marknadsnivå støttar Noregs Bank rammeverket frå TCFD og fremjar berekraftsrapportering i tråd med anerkjende standardar som Sustainability Accounting Standards Boards (SASB) og Global Reporting Initiative (GRI). På porteføljenivå går Noregs Bank gjennom den samla

eksponeringa si og vurderer om banken bør selje seg ut av selskap med særleg høg risiko, innanfor rammene av mandatet. På selskapsnivå følgjer Noregs Bank opp om styret i selskapa fører nok tilsyn med klimarelaterte risikoar og moglegheiter, og følgjer med på klimaplanane til selskapa.

### **Eigedomsforvaltning**

Eigedomsinvesteringar har ein lengre tidshorisont enn dei fleste av fondsinvesteringane. Både akutte hendingar som ekstremvêr og meir gradvise endringar som auka havnivå eller flaum kan skade bygningane Noregs Bank investerer i, anten direkte gjennom skadar eller nedstenging eller indirekte gjennom negative effektar som høgare forsikringspremie eller endra busetjingsmønster.

Eit fellestrekk for byane vi investerer i, er at lokale myndigheter har lovfesta konkrete mål for utsleppsreduksjon både på kort og lang sikt. For å handtere den regulatoriske risikoen måler vi utsleppa til dei unoterte eigedomsinvesteringane våre og arbeider for å redusere utsleppa. Mange av leigetakarane våre er internasjonale selskap som har som mål å redusere klimagassutsleppa sine. Det kan motivere dei til å søkje lokale i energieffektive bygg med låge utslepp. Ved utgangen av 2020 var 82 prosent av bygga i den unoterte eigedomsporteføljen vår miljøsertifiserte.

Framover har Noregs Bank tre klare ambisjonar for den unoterte eigedomsporteføljen i Statens pensjonsfond utland: (i) halde fram med å vere ein leiar innanfor ansvarleg forvaltning, (ii) auke andelen fornybar energi som blir brukt i

bankbygningane, og (iii) førebu bygga til Noregs Bank på å nå langsiktige mål om nullutslepp ved å arbeide kontinuerleg for å redusere utsleppa i eigedomsporteføljen.

For å måle forbetring i eigedomsporteføljeforvaltninga bruker Noregs Bank mellom anna den globale norma for berekraftig eigedomsforvaltning, Global Real Estate Sustainability Benchmark (GRESB). Eigedomsporteføljen i fondet oppnådde i 2021 ein samla poengverdi på 84/100 samanlikna med 79/100 i 2020.

Eit anna verktøy som blir brukt, er Carbon Real Estate Risk Monitor (CRREM), som har publiserte utsleppsbanar fram mot 2050 i tråd med Parisavtalen for ulike eigedomsmarknader. Noregs Bank nyttar dette verktøyet til å samanlikne utsleppa til fondseigedomsporteføljen med utsleppsbanane til CRREM. Når det gjeld nye investeringar, kartlegg banken òg det historiske energiforbruket og samanliknar utsleppa til bygget med utsleppsbanane til CRREM før ein bestemmer seg for å kjøpe nye bygningar.

### Klimarisiko i valutareservane

Valutareservane består av ein obligasjonsportefølje og ein aksjeportefølje på til saman om lag 600 milliardar kroner. Obligasjonsporteføljen i valutareservane har som hovudformål å sikre at valutareservane har god nok likviditet til at Noregs Bank kan oppfylle formåla i pengepolitikken. Derfor består valutareservane berre av statsobligasjonar som er utferda av statar med avgrensa kredittrisiko, og der likviditetsegenskapane blir rekna som gode nok til å oppfylle formåla til valutareservane. Klimarelaterte spørsmål vil derfor i liten grad påverke samansetjinga av obligasjonsporteføljen.

Hovudstyret har vedteke at aksjeporteføljen skal forvaltast etter dei same prinsippa og strategiane for ansvarleg forvaltning som aksjeinvesteringane i Statens pensjonsfond utland.

Basert på prosentvis eigarandel i dei enkelte selskapa utgjorde dei totale utsleppa i aksjeporteføljen til valutareservane 0,8 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2021. Utsleppsintensiteten, som viser utsleppet av CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i tonn per million amerikanske dollar i omsetning, var i 2021 på 115 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per millionar dollar.

Noregs Bank har gjennomført nedsal i totalt 58 selskap i aksjeporteføljen til valutareservane som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring. I tillegg er 42 selskap utestengde frå referanseindeksen til valutareservane og 10 selskap sette til observasjon basert på etiske retningslinjer. Det var ingen nye slike avgjerder i 2021.


### Klima- og miljøpåverknad i drifta av Noregs Bank Klimarekneskap

Noregs Bank utarbeider kvart år ein klimarekneskap for si eiga drift. I 2021 er klimarekneskapan blitt utvida med fleire kjelder og lokasjonar. Klimarekneskapan for tidlegare år er derfor omarbeidd.

Klimarekneskapan inkluderer direkte utslepp frå bruk av fossilt brensel (scope 1), indirekte utslepp frå kjøp av elektrisitet og varme (scope 2) og enkelte andre indirekte utsleppskjelder frå innkjøpte varer og tenester (scope 3).

Figur 6 viser utsleppet for 2021 per utsleppskjelde. Den største utsleppskjelda var flyreiser. Denne kjelda stod for 51 prosent av dei samla utsleppa. Elektrisitetsforbruk ved kontora utgjer 43 prosent av dei samla utsleppa.

Figur 6 Klimagassutslepp i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per utsleppskjelde i 2021.



I 2021 hadde Noregs Bank eit klimagassutslepp per tilsett på 1 349 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Det er ein auke på 4 prosent frå 2020 og svarer til 1,4 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar per tilsett.

Nedgangen i utslepp frå 2019 til 2020 er i stor grad knytt til koronapandemien. Vi reiste lite i 2021 òg, noko som blir reflektert i eit framleis låg klimaavtrykk samanlikna med 2019.

Noregs Bank har som mål å redusere utsleppa i tråd med ambisjonane i Parisavtalen. Det inneber at banken framover skal arbeide systematisk med tiltak for å redusere utsleppa.

Dei viktigaste tiltaka for å redusere utsleppa er framleis å bruke videokonferansar framfor tenestereiser med fly, å skifte ut ventilasjonsaggregat og andre tekniske installasjonar med meir energieffektive variantar og å utvide miljøkrava i alle relevante innkjøp.

Dei siste åra er det gjennomført fleire klima- og miljøtiltak. Vi kjeldesorterer meir, mellom anna som følgje av at det er innført sentrale miljøstasjonar i kontorområda. Mange fleire møterom har fått utstyr for videokonferansar. Eingongsemballasje i samband med servering er erstatta

med meir miljøvennlige alternativ både på hovudkontoret og på dei største kontora globalt.

Målet er å utvikle klimarekneskapen vidare over tid ved å inkludere stadig fleire kjelder, til dømes utslepp frå datasenterdrift. Noregs Bank har krav om at datasenter skal vere konstruerte og drifta på ein miljøvennleg måte som sikrar effektiv ressursutnytting og bruk av fornybare kjelder.

### Miljøfyrtårn

Noregs Bank er sertifisert som Miljøfyrtårn<sup>5</sup>. Sertifiseringa omfattar drifta av hovudkontoret på Bankplassen 2 og gir tilgang til verktøy som gjer det lettare for verksemda å måle og forbetre miljøinnsatsen.

Noregs Bank si verksemd ved Oslo-kontoret skal resertifiserast som Miljøfyrtårn i første kvartal 2022. Det inkluderer òg nye kriterium for bank og finans som er utvikla av Miljøfyrtårn.

**Tabell 2** Årleg klimarekneskap for Noregs Bank for 2019, 2020 og 2021.

Utslepp av klimagassar, tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalentar		2019	2020	2021	Endring frå 2020–2021
Direkte utslepp (scope 1)	Køyretøy drivstoff	20	27	15	-42 %
	Diesel til oppvarming	1	3	2	-16 %
Indirekte utslepp energi (scope 2)	Elektrisitet	772	649	576	-11 %
	Fjernvarme	4	2	4	156 %
Indirekte utslepp anna (scope 3)	Flyreiser	8 378	571	692	21 %
	Hotell	450	20	32	63 %
	Km. godtgjersle	11	6	6	10 %
	Avfall	31	24	22	-11 %
<b>Totalt utslepp av klimagassar</b>		<b>9 667</b>	<b>1 300</b>	<b>1 349</b>	<b>4 %</b>

<sup>5</sup> Les meir om Miljøfyrtårn [her](#).

Det mest anerkjende rammeverket for klimarisikorapportering er utarbeidd av Task Force on Climate-related Financial Disclosures (TCFD). TCFD blei nedsett av G20-landa sitt Financial Stability Board (FSB) i 2016 og leverte tilrådingane sine i 2017. Tilrådingane spesifiserer kva som bør rapporterast innanfor fire område: verksemdsstyring, strategi, risikostyring og måltal. Noregs Bank støttar intensjonen i tilrådingane og meiner at rammeverket kan bidra til ei meir universell og konsistent rapportering på tvers av jurisdiksjonar. Her er ei oversikt over Noregs Banks status for 2021 etter tilrådingane i TCFD-rammeverket.

### Verksemdsstyring

TCFD-krav: Beskrive organisasjonen si styring av klima-relaterte risikoar og moglegheiter, inkludert involveringa til styret og leiinga.

Hovudstyret i Noregs Bank har det overordna ansvaret for strategiarbeidet som er relatert til klimaendringar og klimarisiko. Tema knytte til klima og norsk økonomi blir drøfta i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Noregs Bank har i tillegg ei eiga referansegruppe for klima og berekraft som er leidd av ein visesentralbanksjef. Referansegruppa har ei sentral, rådgivande rolle i utforminga av banken sin strategi for klima og berekraft. Strategien, som først blei vedteken av hovudstyret i 2018, er i 2021 blitt revidert til ein breiare strategi for berekraft. Den nye strategien skal integrerast i verksemdsstyringa, gjennomførast i dei ulike avdelingane og konkretiserast i handlingsplanar.

Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett prinsipp for ansvarleg forvaltning av fondet og følgjer opp fondet sin strategi og den årlege rapporteringa på området.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå Statens pensjonsfond utland, basert på produkta eller åtferdta til selskapa. Etikkrådet, som er eit uavhengig organ oppretta av Finansdepartementet, og Noregs Bank har i oppgåve å følgje opp desse retningslinjene. Hovudstyret i Noregs Bank avgjer kva selskap som skal observerast eller utestengjast frå fondet, med utgangspunkt i tilrådingar frå etikkrådet. Ved å ikkje investere i slike selskap reduserer vi eksponering mot uakseptabel risiko, mellom anna klimarisiko.

Hovudstyret har oppnemnt eit saksførebuaende og rådgivande eigarskapsutval for saker som gjeld ansvarleg forvaltingsverksemd og avgjerder om observasjon eller utestenging. Prinsippa og prosessen for ansvarleg forvaltning er dei same som for forvaltning av aksjeporteføljen i valuta-reservane.

### Strategi

TCFD-krav: Beskrive faktisk og potensiell påverknad av klimarelaterte risikoar og moglegheiter på drifta og strategien til organisasjonen.

Noregs Bank sin strategi for berekraft inneber at banken skal vurdere og handtere den klima- og miljørelaterte risikoen i kapitalforvaltninga for å fremje langsiktig verdiskaping og vere leiande innanfor ansvarleg forvaltning. Klimaendringar utgjer éin av fleire risikofaktorar for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og valuta-reservane. Fondet er ein breitt diversifisert og marknadsvakta portefølje og vil som utgangspunkt ha bortimot den same finansielle klimarisikoen som dei underliggjande marknadene og bransjane det blir investert i. Fondet har òg eigne miljørelaterte investeringsmandat.

Investeringane til Noregs Bank skal vere rusta til å møte miljøendringar, og banken skal integrere klima- og miljøomsyn ytterlegare i investeringsprosessen. Noregs Bank legg spesielt vekt på å utvikle strategiar for å analysere og handtere klimarisiko og på å vere ein pådrivar for gode rapporteringsstandardar for klimarisiko.

Strategien inneber vidare at kunnskapen om korleis klimarelaterte endringar påverkar økonomisk utvikling og

stabilitet, skal aukast, og at analysar med omsyn til klimarelaterte effektar skal vidareutviklast.

## Risikostyring

TCFD-krav: Beskrive korleis organisasjonen identifiserer, vurderer og handterer klimarelaterte risikoar.

Noregs Bank har i 2021 halde fram arbeidet med å auke kunnskapen om klimarisiko i eigen organisasjon. Det blir nytta ei rekkje verktøy for å identifisere og vurdere klimarisikoen som fondet er eksponert for. Ei vurdering av korleis klimarisiko som finansiell risiko påverkar fondet, er gjort greie for i eit eige notat, som blei publisert i august.

Aksjeporteføljen i Statens pensjonsfond utland er stress-testa mot måla i Parisavtalen. Ved hjelp av mellom anna MSCI-verktøyet Climate Value-at-Risk har ein kartlagt klimascenario for ei temperaturstiging på 1,5 °C, 2 °C og 3 °C fram mot år 2080. Stresstesting av dagens aksjeportefølje opp mot desse scenarioa gir punktestimata for langsiktige verditap mellom 1 og 9 prosent. Det svarer til 100 til 800 milliardar kroner gitt dagens fondsverdi. Det er knytt stor uvisse til kvart av punktestimata, og dei faktiske utfalla kan bli vesentleg forskjellig frå dette. Ein utfyllande omtale er å finne i rapporten Ansvarleg forvaltning i Statens pensjonsfond utland.

Karbonavtrykket til Statens pensjonsfond utland og karbonintensiteten i investeringane blir estimert kvart år, og klimagassutsleppsprofilen for alle selskapa fondet har investert i, blir analysert. I 2021 blei det mellom anna gjennomført 1 500 analysar av rapporteringa om selskapsinvesteringane våre i klimaeksponerte bransjar for å vurdere

om dei er godt nok rusta til å handtere klimarisikoen. Ein utfyllande omtale er å finne under kapittelet Ansvarleg forvaltning i Statens pensjonsfond utland.

Klimarisikoen blir drøfta i rapporten «Finansiell stabilitet 2021». I rapporten blir ei kvantitativ vurdering av klimarisikoen for norske bankar presentert. Lånekundar som manglar evne til å handtere klimaendringar og overgangen til eit lågutslepps-samfunn, utgjer ein risiko for bankane. Norske bankar må vere førebudde på at eksponeringane deira kan bli ramma av klimaendringar og -tiltak.

## Måltal

TCFD-krav: Beskrive kva slags berekningar og måltal ein legg til grunn ved vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter.

Karbonavtrykket til aksjeporteføljen i fondet har vore målt og offentleggjort sidan 2015. Vi følgjer TCFD-tilrådingane for kapitalforvaltning når vi bereknar karbonavtrykket til fondet. Tilsvarende måler vi karbonavtrykket til aksjeporteføljen til valutareservane. Etter kvart som forståinga av korleis klimaendringar påverkar finansielle investeringar, blir vidareutvikla, vil fondet utforske korleis eventuelle klimarelaterte mål kan støtte arbeidet med å handtere desse risikoane på ein effektiv måte. Ein utfyllande omtale er å finne under kapittelet Ansvarleg forvaltning i Statens pensjonsfond utland og i ein egen rapport.

Noregs Bank følgjer opp og måler klimagassutslepp frå eiga drift. Nærmare detaljar er å finne i omtalen av klimarekneskapen for Noregs Bank på side 60.



# Verksemdsstyring, etikk og kultur

Noregs Bank skal i verksemda si halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane og opptre samfunnsansvarleg. Hovudstyret har fastsett etiske prinsipp for sine egne tilsette og prinsipp for ei ansvarleg forvaltning.

## Ansvarleg forretningsdrift

Hovudstyret i Noregs Bank har fastsett etiske prinsipp som skal bidra til å skape ei felles haldning til etiske problemstillingar blant alle i Noregs Bank. Prinsippa slår fast at banken skal halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar. Reglane omfattar mellom anna eigenhandel, verksemd utanfor banken, gåver og lojalitet til banken generelt.

Finansdepartementet har fastsett eit eige regelverk om habilitet for medlemmer av hovudstyret i Noregs Bank og medlemmene av komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Som supplement til dette har hovudstyret vedteke eit eige regelverk om mellom anna habilitet og innskrenkingar for eigenhandel for dei eksterne medlemmene i desse to organa.

Noregs Bank har nulltoleranse for alle former for korrupsjon. Det er etablert eit rammeverk og eit program for anti-korrupsjon som inkluderer leiingsforankring, risikostyring, etisk regelverk, handtering av varslingsmeldingar, innkjøpsarbeid, bakgrunnssjekk av tilsette og leverandørar, finansiell rekneskapsrapportering og systematisk opplæring og kontroll. I 2021 trente 519 tilsette i Norges Bank Investment Management spesifikt på å handtere interessekonfliktar og antikorrupsjon. Det er ingen stadfesta forhold knytte til korrupsjon i 2021.

Noregs Bank legg stor vekt på opplæring og bevisstgjerung rundt dei mest sentrale etiske risikoområda. Tiltak inkluderer

mellom anna éin-til-éin-opplæring og introduksjonskurs med dilemmatrening, årleg test og stadfesting frå alle tilsette. I tillegg gjennomfører alle nyttilsette eit eige opplæringsprogram.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for intern varsling om kritikkverdige forhold i Noregs Bank. Det er fastsett varslingsrutinar der banktilsette og tilsette hos leverandørar kan rapportere anonymt om uetisk eller ulovleg åtfærd. Alle varsel skal behandlast på ein forsvarleg måte i samsvar med saksbehandlingsreglane for varsling og eksterne og interne krav for varsling, og utan risiko for gjengjelding overfor varslaren. I 2021 blei det innrapportert to varslings saker.

## Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland

Statens pensjonsfond utland skal forvaltast ansvarleg. Hovudstyret har fastsett prinsipp for ansvarleg forvaltning i Noregs Bank. Målet for forvaltninga av fondet er å oppnå høgast mogleg avkastning med akseptabel risiko. Ansvarleg forvaltning støttar målsetjinga til fondet på to måtar. For det første prøver ein å fremje langsiktig verdiskaping i investeringane. For det andre prøver ein å redusere den finansielle risikoen knytt til miljømessige og sosiale forhold i selskapa.

Forvaltingsmandatet seier at arbeidet med ansvarleg forvaltingsverksemd skal vere integrert i fondsforvaltninga. Fondet har i oppgåve å ta vare på og utvikle finansielle verdiar for framtidige generasjonar. Langsiktig avkastning er avhengig av berekraftig vekst, velfungerande marknader og god selskapsstyring. Arbeidet med ansvarleg forvaltning kan delast inn i tre hovudområde: marknaden, porteføljen og selskapa.

## Marknaden

Fondet er globalt. Det eig ein liten del av over 9 000 børsnoterte selskap i verda. Det er avhengig av globale løysingar for å løyse felles utfordringar som klimaendringar.

Noregs Bank bidreg til å utvikle relevante internasjonale standardar. Banken deltek i høyringar og har jamleg kontakt med internasjonale organisasjonar og regulerande myndigheiter i dei viktigaste markedene. I 2021 deltok Noregs Bank i 14 offentlege høyringar med tilknytning til ansvarleg forvaltning. Alle høyringssvar blir offentleggjorde på nettsidene til fondet, [www.nbim.no](http://www.nbim.no). Høyringane tek mellom anna opp viktige forhold som god selskapsstyring, klimarelatert rapportering og ansvarleg forretningsverksemd.

Noregs Bank støttar initiativ der fleire selskap eller investorar går saman om å finne felles standardar for berekraftig verksemd. Slike initiativ fungerer best når fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjede står overfor den same utfordringa.

Sidan 2008 har Noregs Bank formulert tydelege forventingar til korleis selskapa som fondet er investert i, møter relevante globale utfordringar i verksemda, og til korleis styra bør fastsetje eigna strategiar, kontrollfunksjonar og rapporteringsrutinar. Forventingane dannar grunnlaget for dialog med selskap, og kvart år blir arbeidet til selskapa målt opp mot forventingane. I 2021 la Noregs Bank fram nye forventingar om korleis selskap skal ta omsyn til biologisk mangfald og berekraftig bruk av økosystem i forretningsverksemda. Gjennom året er òg forventingane om klimaendringar og om barns rettar blitt oppdaterte. Som ein del av arbeidet med natur og biologisk mangfald er Norges Bank Investment Management i 2021 blitt medlem av arbeidsgruppa til Taskforce on Nature-related Financial Disclosures (TNFD). TNFD blei lansert i juni 2021 som eit bransjeinitiativ med mål om å utvikle eit rammeverk for rapportering og handtering av naturrisiko.

I tillegg offentleggjorde Noregs Bank eitt nytt posisjonsnotat om mangfald i styret. Mangfald gir styret ulike perspektiv og innfallsvinklar som kan bidra til betre avgjerder. Mangfald i styret kan òg styrkje truverdnet til selskapet. Styret bør ha ein formell nominasjonsprosess for å identifisere moglege kandidatar som kan bidra til mangfald. I styre der eit kjønn ikkje er representert med minst 30 prosent, bør vurdere å

setje seg mål om kjønns mangfald og rapportere om framgang mot dette målet.

## Porteføljen

Noregs Bank vurderer selskapsstyring og berekraft for å få betre forståing av risikoar og moglegheiter i investeringane. Fondet overvakar korleis porteføljen er utsett for risikoar, og identifiserer bransjar og selskap for vidare oppfølging.

Noregs Bank oppmodar selskap om å gå frå ord til tal i rapporteringa for å gi ei betre forståing av finansielle moglegheiter og risikoar. For å gjennomføre desse analysane må det vere relevante, samanliknbare og pålitelege data om selskapsstyring, miljø og sosiale forhold. Banken analyserer klimagassutslepp frå selskapa i fondsporteføljen og ulike klimascenario for fondet.

Fondet vurderer kvart år selskapa si rapportering om styringsstruktur, strategi, risikohandtering og målsetjingar med utgangspunkt i dei offentlege forventingane til selskapa. Noregs Bank gjennomførte til saman 4 196 slike vurderingar av selskapa si rapportering i 2021. Noregs Bank gjorde 1 500 vurderingar av rapportering om klimaendringar, 701 og 500 om høvesvis menneskerettar og barns rettar, 500 om vassforvaltning, 250 om høvesvis antikorupsjon og berekraftig bruk av havet, 268 om avskoging, 200 om skatt og 27 om biologisk mangfald.

Selskapa som blei vurderte, stod for 75,8 prosent av marknadsverdien til aksjeporteføljen ved utgangen av året. Selskap med svak eller avgrensa rapportering blir kontakta og oppmoda til å betre rapporteringa ved mellom anna å delta i etablerte rapporteringsinitiativ. I 2021 blei det sendt brev til 110 selskap om rapporteringa deira på tvers av forventingsområda.

Blant selskapa som blei kontakta om svak berekraftsrapportering i 2021, blei det observert ei større forbetring i snitt enn hos dei som ikkje blei kontakta. I gjennomsnitt auka måloppnåinga hos selskap som blei kontakta, med 11,9 prosentpoeng. For selskap i målingane samla sett var auken på 4,7 prosentpoeng. Denne forskjellen var størst for selskapa som blei kontakta om klimaendringar, menneskerettar og berekraftig bruk av havet, og lågast for vassforvaltning, og skatt og openheit. Samla blei det observert ei forbetring hos 64,9 prosent av selskapa som blei kontakta.





Noregs Bank har hovudsakleg tre tilnærmingar for å avdekkje og handtere risikoar knytte til selskapsstyring, miljø og sosiale forhold i porteføljen. Den første er førehandsfiltrering av selskap som er på veg inn i aksjeindeksen til fondet. Den andre er kontinuerleg overvaking av selskap i porteføljen gjennom daglege analysar av nyheitsstraumar og dessutan meir inngåande tematiske analysar av spesifikke marknader og sektorar. Den tredje tilnærminga er ei årleg aktsemdsvurdering av selskapa opp mot forventingane Noregs Bank har når det gjeld berekraft.

Når Noregs Bank identifiserer eit selskap med høg risiko, må vi gjere vidare analysar for å vurdere om vi skal gå i dialog med selskapet, endre stemmegivinga eller vurdere selskapa for risikobaserte nedsal.

I framveksande marknader kan fondet i tillegg dra nytte av kunnskapen til eksterne forvaltarar som har inngåande kjennskap til marknadene, bransjane og selskapa dei er investerte i. Det er særleg viktig ettersom det ofte kan vere vanskelegare å få relevant selskapsdata i framveksande marknader.



Noregs Bank vurderer selskapsstyring og berekraft for å få betre forståing av risikoar og moglegheiter i investeringane. Carine Smith Ihenacho – direktør for eigarskap og etterleving i Norges Bank Investment Management.



Noregs Bank identifiserer langsiktige investeringsmoglegheiter ved å analysere verksemda til selskapa og innverknaden på klima og miljø og ser eit potensial i selskap som bidreg til meir miljøvennleg økonomisk aktivitet. Desse investeringane kan ha positive ringverknader for andre selskap og for samfunnet samla sett, som mindre utslepp, lågare energikostnader og meir effektiv ressursbruk. Selskap som produserer slik teknologi, vil kunne dra nytte av endringar i etterspørsel og marknadsregulering. Fondet investerer i slike selskap mellom anna gjennom miljørelaterte mandat som blir forvalta internt.

Ved utgangen av 2021 hadde fondet 107,7 milliardar kroner investert i aksjar i 86 selskap gjennom miljømandata. Det gav ei avkastning på 21,6 prosent i 2021. Sidan oppstarten i 2010 har den annualiserte avkastinga på aksjeinvesteringane vore 10,4 prosent.

Fondet investerer i tre hovudtypar av miljøverksemd, der selskapa må ha minst 20 prosent av verksemda i ei av desse for å kunne inngå i miljøinvesteringsuniverset: 1) låg-utsleppsenergi og alternative drivstoff, 2) rein energi og energieffektivisering og 3) naturressursforvaltning.

For å avgrense eksponeringa mot uakseptabel risiko kan Noregs Bank selje seg ut av selskap. Det gjeld særleg verksemd som påfører andre selskap og samfunnet samla sett store kostnader, og som derfor ikkje er berekraftig på sikt. Risikobasert nedsal kan vere formålstenleg dersom fondet meiner at selskapet har særleg høg langsiktig risiko, og dersom investeringane ikkje er særleg store og ein tenkjer at aktivt eigarskap ikkje er noko eigna verkemiddel.

I 2021 selde Noregs Bank seg ut av 52 selskap som følgje av risikovurderingar knytte til miljø, sosiale forhold og selskapsstyring. Til saman er det blitt gjennomført nedsal i 366 selskap sidan 2012. Risikobaserte nedsal har sidan 2012 bidrege positivt til den kumulative avkastinga på aksje-forvaltninga med om lag 0,44 prosentpoeng, eller 0,02 prosentpoeng årleg.

### **Selskapa**

Som langsiktig investor er fondet i jamleg dialog med dei største selskapa. Dialogen skal bidra til god selskapsstyring og ansvarleg forretningsverksemd. Fondet hadde til saman 2 628 møte med 1 163 selskap og skriftleg kontakt med 486 selskap i porteføljen i 2021. Storleiken på investeringane gir tilgang til styremedlemmer, toppleiarar og spesialistar i selskapa. Fondet er interessert i å forstå korleis selskapa blir styrte, og korleis dei handterer vesentlege forhold ved berekraft. I tillegg til møte er det skriftleg kontakt med selskapa.

Stemmegiving er eit av dei viktigaste verkemidla fondet har som eigar for å ta vare på verdiane til fondet. Ved utgangen av 2021 hadde fondet ein andel i 9 338 selskap over heile verda. Noregs Bank stemte i 116 525 saker på 11 601 generalforsamlingar i 2021. Det blei stemt i tråd med styretilrådingane i 95,2 prosent av sakene og på 72,9 prosent av generalforsamlingane. Det var på linje med stemmegivinga vår i 2020. Fondet ønskjer å vere konsistent og føreseieleg ved røysting på generalforsamlingar, slik at stemme-

avgjerdene kan forklarast ut frå prinsippa til fondet, og slik at selskapa kan forstå kvifor fondet stemmer som det gjer. Retningslinjer for stemmegiving er offentleg tilgjengelege.

I 2021 begynte fondet å offentleggjere stemma si fem dagar før generalforsamlinga. Stemmeintensjonane er tilgjengelege på nettsidene om fondet, [www.nbim.no](http://www.nbim.no). Brukarar kan søkje på enkelte selskap eller laste ned heile datasettet med fondsstemmer sidan 2013, og dei kan få daglege oppdateringar om stemmeintensjonar fem dagar før generalforsamlinga.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå Statens pensjonsfond utland, basert på produkta eller åtferda til selskapa. Etikkrådet og Noregs Bank har i oppgåve å følgje opp desse retningslinjene. Etikkrådet er eit uavhengig organ som er oppretta av Finansdepartementet. Avgjerder om observasjon og utestenging av selskap frå fondet blir tekne av hovudstyret i Noregs Bank, med utgangspunkt i tilrådingar frå Etikkrådet. Ved å la vere å investere i slike selskap reduserer fondet eksponeringa for uakseptabel risiko som kan svekkje truverdet deira. I 2021 stengde Noregs Bank tolv selskap ute, sette tre nye selskap til observasjon og påla eitt selskap særskild eigarskapsutøving. I tillegg oppheva banken utestenginga av fem selskap og avslutta observasjonen av fire selskap. Nærmare detaljar om ansvarleg forvaltning er å finne i eigen publikasjon.



# Samfunn og sosiale forhold

Medarbeidarane er kjernen i verksemda til Noregs Bank. I Noregs Bank skal vi ha eit arbeidsmiljø der vi møter kvarandre med respekt, der det er trygt å dele og utfordre, og der det er like moglegheiter for alle.

Noregs Bank jobbar systematisk for å tiltrekke seg og rekruttere dei beste kandidatane frå dei fremste fagmiljøa nasjonalt og internasjonalt. Vi arbeider kontinuerleg med karriereutvikling, mellom anna gjennom målretta kurs og studium. For at banken skal utvikle seg vidare som organisasjon, prøver vi å oppnå god kjønnsbalanse og aktivt utnytte fordelane med eit stort mangfald blant dei tilsette.

Ved utgangen av 2021 hadde Noregs Bank 940 fast tilsette. Av desse er 519 tilsette i Norges Bank Investment Management, 264 i sentralbankverksemda, 150 i Noregs Bank Administrasjon og 7 i tilsynssekretariatet. Banken har medarbeidarar frå til saman 33 nasjonar og kontor i Oslo, London, New York, Singapore og Shanghai.

## Likestilling og mangfald

I Noregs Bank skal vi vere leiande på fagområda våre, og vi meiner at auka mangfald og inkludering gjer oss betre. Vi meiner at mangfald bidreg til fleire perspektiv, meir kreativitet og betre vurderingar.

Banken søker mangfald i form av kunnskap, erfaringar og perspektiv ved å tilsetje på tvers av nasjonalitet, kjønn, alder, bakgrunn og utdanning. For å styrkje dette arbeidet blei det i 2020 etablert eit mangfalds- og inkluderingsinitiativ på tvers av verksemdsområda i banken. Samarbeid med eksterne organisasjonar og nettverk gir verdifull erfaringsutveksling og høve til å lære av dei beste. Kvart år gjennomfører vi ulike aktivitetar og initiativ som legg vekt på mangfald og inkludering, inkludert feiring av den


internasjonale kvinnedagen og Pride og markeringar i samband med verdsdagen for psykisk helse.

Hovudtiltaksområda for auka mangfald er omdømmearbeid, rekruttering, karriereutvikling, fleksibilitet og arbeidsmiljø.


Vi arbeider målretta med å sikre større mangfald i rekrutteringsprosessen, både blant deltakarar i prosessen og i kandidatgrunnlaget som blir invitert til intervju. Stillingsannonser blir utforma for å tiltrekke seg auka mangfald, og det blir stilt krav til eksterne rekrutteringsbyrå. Vidare er det etablert sjekkpunkt i tilsetjingsprosessen for å sikre at søkjarar blir behandla på eit objektivt og rettferdig grunnlag, og retningslinjer for lønnsfastsetjing og lønnsrapportering som skal sikre likebehandling av kjønn.

I 2021 har banken arbeidd med å bli meir synleg blant studentar og elevar gjennom Kunnskapssenteret, bedriftspresentasjonar og forelesingar. Vi har lagt særleg vekt på å bli synlege blant studentar på teknologiutdanningane. Gjennom Norges Bank Teaching Initiative og NBIM Teach held tilsette forelesingar i økonomi og finans på universiteta. I tillegg blir det kvart år arrangert ein landsomfattande casekonkurranse for studentar som er interesserte i makroøkonomi, og som ønskjer eit innblikk i kjerneoppgåvene til sentralbanken. Det bidreg til auka forståing og interesse for banken sine oppgåver og byggjer tillit i samfunnet. Det er ein bevisst strategi å synleggjere at kvinner har ei viktig rolle i banken. Det gjer vi ved å sørge for at kvinner er godt representerte på alle arrangement.

## Kjønnsbalanse per verksemdsområde



## Kjønnsbalanse per kontor



Norges Bank Investment Management reetablerte i 2021 graduate-programmet og etablerte eit summer internship-program. Desse tiltrekkjer seg eit breitt spekter av medarbeidarar. For 2021 var andelen kvinner som fekk tilbod, 67 prosent for graduate-programmet og 40 prosent for internship-programmet. Alle tilsette som deltok i seleksjonsprosessen til programma, fekk opplæring i bevisstgjerjing rundt mangfald i samband med rekruttering.

Noregs Bank arbeider systematisk for å oppnå kjønnsbalanse og skal ha minimum 40 prosent av kvart kjønn for banken sett under eitt. Ved utgangen av 2021 hadde Noregs Bank ein kvinneandel på 34 prosent. Det er ein auke frå 33 prosent i 2020 og 32 prosent i 2019.

Kvinneandelen var 27 prosent i Norges Bank Investment Management. Det er ein auke frå 25 prosent i 2020. Dei siste åra har ein arbeidd med å auke kvinneandelen, og i 2021 blei det tilsett 42 prosent kvinner i Norges Bank Investment Management. Det viser at det strategiske arbeidet med å fremje kjønnsbalanse i rekruttering har gitt resultat.

Som ledd i arbeidet med å styrkje kjønnsbalansen signerte Noregs Bank Kvinner i Finans Charter i 2021. Formålet å bidra til å auke andelen kvinner i leiande posisjonar i finansnæringa i Noreg. Visesentralbanksjef Ida Wolden Bache representerer banken. Ved å signere charteret har Noregs Bank forplikta seg til

- å ha interne mål for kjønnsbalanse på leiarnivå og i spesialfunksjonar
- å ha éin medlem i leiarteamet med særleg ansvar for å følgje opp arbeidet med kjønnsbalanse og inkludering
- å publisere status og utvikling undervegs på heimesida vår
- å ha ein ambisjon om at framgang mot måla blir reflektert i godtgjersle til leiarteam

### Lønns- og kompensasjonsordningar

Hovudstyret set rammene for lønns- og kompensasjonsordningane i banken og følgjer opp korleis ordningane blir praktiserte. Lønnsnivået skal vere konkurransedyktig, men ikkje bransjeleiande.

Lønnsfastsetjinga er individuell og reflekterer ansvaret, oppgåvene, kompetansen, erfaringa og prestasjonane til den tilsette. Tabellane 3 til 5 viser banken si kartlegging av kjønnsbalanse, fast lønn og totalt utbetalt godtgjersle i dei ulike stillingsgruppene ved slutten av 2021 for fast tilsette på hovudkontoret. Alle tilsette som arbeider med investeringsavgjerder, har rett på prestasjonslønn uavhengig av kjønn. Av personvernomsyn må det vere minst fem av kvart kjønn i stillingsgruppa for å kunne publisere lønnsdata. I dei øvste stillingsgruppene i Norges Bank Investment Management er det for få kvinner til å publisere lønnsdata. I stillingsgruppa servicemedarbeidar er det for få menn. Tabellane inkluderer ikkje prestasjonslønn sidan det er for få kvinner med prestasjonslønn i kvar stillingsgruppe.

Tabellane 3 til 5 viser at det er variasjon på tvers av verksemdsområda og stillingsgruppene. Generelt er det små forskjellar i fastlønn. Der det er lønnsforskjellar mellom kvinner og menn, kjem det i stor grad av ei overvekt av menn i kapitalforvaltingsstillingane. Desse stillingane har generelt høgare lønn i marknaden. Lønnsforskjellar mellom kvinner og menn på leiarnivå, særleg innanfor kapitalforvaltninga, er mellom anna knytte til at kvinnelege leiarar har kortare ansiennitet i leiarstillinga. Kjønnsbalansen reflekterer at det er færre kvinner enn menn som søker på leiarstillingar i banken og på stillingar generelt i finanssektoren. Ved utgangen av året var kjønnsbalansen i tråd med målsetjinga for stillingane konsulent og rådgivar i alle delar av verksemda. Banken vil intensivere arbeidet med å få kvinner i mellomleiarstillingar til avansement og leggje meir vekt på å rekruttere kvinnelege kandidatar frå den eksterne marknaden.

**Tabell 3** Kjønnsbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper totalt i Noregs Bank.

Noregs Bank	Median fast lønn		Andel tilsette		Lønnsforskjellar – kvinnens andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 686 000	1 573 000	76 %	24 %	93 %
Seksjonsleiar	1 410 000	1 258 000	68 %	32 %	89 %
Spesialrådgivar	1 204 000	1 080 000	71 %	29 %	91 %
Seniorrådgivar	945 000	900 000	65 %	35 %	95 %
Rådgivar	700 000	707 000	51 %	49 %	101 %
Konsulent	713 000	718 000	47 %	53 %	101 %





**Tabell 4** Kjønnbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper i sentralbankverksemda og Noregs Bank Administrasjon.

Sentralbankverksemda og Noregs Bank Administrasjon	Median fast lønn		Andel tilsette		Lønnsforskjellar – kvinnens andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Einingsdirektør	1 511 000	1 502 000	74 %	26 %	99 %
Seksjonsleiar	1 166 000	1 187 000	60 %	40 %	102 %
Spesialrådgivar	1 081 000	1 076 000	63 %	37 %	100 %
Seniorrådgivar	886 000	845 000	58 %	42 %	95 %
Rådgivar	647 000	669 000	42 %	58 %	103 %
Konsulent	713 000	718 000	47 %	53 %	101 %

**Tabell 5** Kjønnbalanse og lønn i ulike stillingsgrupper totalt i Norges Bank Investment Managements hovudkontor i Oslo.

Norges Bank Investment Management Oslo	Median fast lønn		Andel tilsette		Lønnsforskjellar – kvinnens andel av menns lønn i %
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Seksjonsleiar	1 525 000	1 450 000	76 %	24 %	95 %
Spesialrådgivar	1 355 000	1 175 000	86 %	14 %	92 %
Seniorrådgivar	1 000 000	975 000	73 %	27 %	99 %
Rådgivar	745 000	745 000	62 %	38 %	100 %



Noregs Bank skal sørge for at medarbeiderane våre trivst og blir utfordra, og har relevant kompetanse til å møte framtidige utfordringar.

### Karriereutvikling

Banken arbeider med å gjere leiarane bevisste på kor viktig det er å sikre at dei tilsette har variert bakgrunn og erfaring, og gi utfordringar som kvalifiserer til tyngre stillingar. For å nå den ønskje kjønnsbalansen og behalde kvinnene i organisasjonen arbeider banken med å sikre like moglegheiter for utvikling og karriere, spesielt innanfor investeringsområda og på teknologisida. Avansement og fremjing skal diskuteras i leiargrupper for å sikre mangfald og likebehandling på tvers av område.

Banken har ordningar der dei tilsette kan få arbeide ei stund i andre avdelingar eller andre kontor i Noregs Bank, i andre sentralbankar eller i andre relevante institusjonar. På denne måten får dei tilsette erfaring frå liknande verksemdar nasjonalt og internasjonalt.

### Fleksibilitet

Noregs Bank har vore ekstra oppteken av at ein fleksibel arbeidsdag kan gjere det meir attraktivt for dei tilsette å ta på seg nye roller på eit høgare nivå. I 2021 har vi innført ei prøveordning der dei tilsette kan ha heimekontor opp til to dagar i veka. Banken legg òg til rette for ein gradvis overgang til pensjonisttilværet når den tilsette ønskjer det. Gjennom pensjonistengasjement kan banken behalde erfaren arbeidskraft og bidra til at tilsette kan ta del i arbeidslivet også etter overgangen til pensjonisttilværet.

Noregs Bank tilbyr kjønnsnøytral foreldrepermisjon på 16 veker i tillegg til 10 vekers barselpermisjon for alle utekontora. Det er ei breiare ordning enn det som er lovpålagt i landa der banken har kontor. Tabell 6 viser prosentdelen mellomels tilsette, foreldrepermisjon og deltid for tilsette i Oslo.

Noregs Bank har i 2021 samarbeidd med fagforeiningane for å modernisere avtalar og harmonisere arbeidsvilkåra i banken, i tråd med strategi 2022 – Éin bank. I årets tariffhandlingar blei Noregs Bank, Finansforbundet og uorganiserte i Noregs Bank Administrasjon einige om ein revidert avtale som inneber endringar i arbeidstida (37,5 timar eksklusiv matpause) og lønn. I løpet av hausten blei ein enig om tilsvarande vilkår for Akademikerne og uorganiserte i sentralbankverksemda.

### Helse, miljø og sikkerheit

Noregs Bank skal ha eit godt og inkluderande arbeidsmiljø som er kjenneteikna av gode samarbeidsforhold. Vi skal sørge for at medarbeidarane våre trivst og blir utfordra, og for at dei har relevant kompetanse til å møte framtidige utfordringar. Banken gjennomfører ei større medarbeidarundersøking kvart år og kortare pulsundersøkingar ved behov. Vi måler mellom anna engasjement, trivsel og helse og sørger for å kartlegge diskriminering og uønskt åtferd.

Koronapandemien førte til at dei fleste tilsette i Noregs Bank arbeidde heimanfrå i delar av 2021. Det blei lagt til rette for god støtte av tilsette og leiarar i ein utfordrande situasjon. Fleksibilitet og gode IT-løysingar har bidrege til at dette framleis fungerer godt. Bedriftshelsetenesta har bidrege med ergonomisk tilrettelegging på heimekontora for å redusere risikoen for muskel- og skjelettplager. Banken har elles gode treningstilbod og har lagt til rette for at dei tilsette kan sykle til jobb. I arbeidet med å oppgradere hovudkontoret legg vi vekt på å forbetre inneklimaet og auke fleksibiliteten.

**Tabell 6** Mellombels tilsette, foreldrepermisjon og deltid for tilsette i Oslo.<sup>1</sup>

	Menn	Kvinner
Prosentdel mellomels tilsette	3,1 %	2,9 %
Prosentdel tilsette i deltidsstilling	0,6 %	1,1 %
Veker foreldrepermisjon i gjennomsnitt	13	18

<sup>1</sup> Tala viser kor mange veker foreldrepermisjon som er tekne i 2021, ikkje kor mange veker den enkelte tilsette samla sett har hatt permisjon.

Vernetenesta i banken med verneombod og hovudverneombod gjer ein viktig jobb med å vareta interessene til dei tilsette i arbeidsmiljøsaker. Vernetenesta blir inkludert i råd under planlegging og oppfølging av tiltak som påverkar arbeidsmiljøet.

I 2021 blei det rapportert om fem hendingar eller skadar knytte direkte til arbeid i lokala til Noregs Bank eller til kurs og feriestader. Ingen skadar eller ulykker frå kontorverksemda er melde til Arbeidstilsynet som yrkesskade i 2021.

### **Sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv (IA)**

Sjukefråværet i banken er stabilt lågt og var i 2021 på 1,7 prosent. Det er stabilt samanlikna med 2020. IA-avtalen for 2019–2022 omfattar no heile det norske arbeidslivet og støttar opp under arbeidet med å førebyggje sjukefråvær. Banken har halde fram praksisen med utvida eigenmeldingsdagar for dei tilsette, i tråd med føringane i IA-avtalen. Banken legg arbeidsplassen til rette for medarbeidarar som har behov for dette, og har gjennom pandemien særleg oppmoda dei tilsette om å ha dialog med



bedriftshelsetenesta for å førebyggje sjukefråvær som følgje av heimekontor med dårlegare høve til tilpassing enn det banken normalt tilbyr i eigne kontorlokale. Banken legg til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlengje yrkeskarrieren i tråd med dei nasjonale målsetjingane.

I medarbeidarundersøkinga for 2021 har ein lagt særleg vekt på det psykososiale arbeidsmiljøet og faktorar som bidreg til eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. For dei tilsette og leiarane på New York-kontoret blir det kvart år gjennomført eit obligatorisk kurs om mobbing og trakassering.

Arbeidsmiljøutvalet, som består av representantar for både leinga og dei tilsette, vurderer arbeidsmiljøet og samarbeidsklimaet som godt.

### Samarbeid med fagforeiningane

Bankleinga har god kontakt med fagforeiningane. Dialogen med fagforeiningane skjer mellom anna i medarbeidar- og personalutvalet, i arbeidsmiljøutvalet til banken og i jamlege kontaktmøte. Dei tilsette har to representantar i hovudstyret som er med og behandlar administrative saker.

I 2021 har arbeidstakarorganisasjonen YS og Spekter forhandla fram ein ny hovudavtale på vegner av banken og dei tilsette. Eit nytt punkt i avtalen seier at han skal bidra til ei berekraftig utvikling ved at tiltak i verksemda med omsyn til klima, natur og miljø er ein del av partssamarbeidet.

Det inneber at Noregs Bank skal involvere og drøfte tiltak i verksemda saman med fagforeiningane og tilsette for å fremje ei berekraftig utvikling. I tillegg skal ein miljørekneskap leggjast fram for dei tillitsvalde.

### Ansvarlege anskaffingar og leverandør oppfølging

I 2021 kjøpte Noregs Bank varer og tenester for om lag 3,9 milliardar kroner. Dei største innkjøpskategoriene er eksterne forvaltingstenester, utvikling og drift av IT-system og tenester og varer relaterte til kontordrifta. Det legg eit ansvar på Noregs Bank som ansvarleg innkjøpar. Det er viktig at banken i alle anskaffingar går aktivt inn for å respektere menneskerettar og miljø i leverandørkjeda.

Noregs Bank er underlagd regelverket for offentlege anskaffingar og er pålagt å stille krav om lønns- og arbeidsvilkår etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i

offentlege kontraktar. Leverandørar og eventuelle underleverandørar skal på førespurnad kunne dokumentere at dei rettar seg etter lønns- og arbeidsvilkåra. I 2021 er det gjennomført 26 kontrollar av vilkår blant leverandørane våre. Gjennom desse kontrollane blei det avdekt eitt tilfelle med brot på regelverket, der utbetalt lønn var lågare enn tariffesta lønn. Etter kontroll frå Noregs Bank har leverandøren retta forholdet. Anskaffingsforskrifta inneheld eit krav om å avgrense talet på ledd i leverandørkjeda i bransjar som har særlege utfordringar med arbeidslivskriminalitet, til dømes innanfor anleggsarbeid og reinhaldstenester. Noregs Bank aksepterer maksimalt to ledd med underleverandørar. Alle leverandørar som har tilgang til lokala eller systema til banken, har ansvar for at personell som utfører tenester eller arbeid for Noregs Bank, blir gjort kjent med dei etiske reglane.

Noregs Bank ønskjer òg ei ansvarleg og berekraftig leverandørkjede og stiller miljøkrav der det er relevant.

Forvaltninga av Statens pensjonsfond utland krev spesiell innsikt i marknader rundt i verda. I framveksande marknader blir det for det meste nytta eksterne forvaltarar. Enkelte av desse marknadene har høgare ibuande berekraftsrisiko. Det blir stilt krav til forvaltarane om at dei skal ta omsyn til selskapsstyring, miljø og sosiale forhold i investeringsaktivitetane sine. Dette blir følgt opp som ein del av den årlege vurderinga av forvaltarane som fondet gjer. I tillegg vurderer ein forvaltarane si tilnærming til samfunnsansvar som ein del av utveljingsprosessen.

Med utgangspunkt i felles retningslinjer for anskaffingar har Noregs Bank i 2021 vidareutvikla eit heilskapleg rammeverk for leverandør oppfølging på tvers av heile verksemda. Det vil bli implementert i 2022 og vil kunne bidra til endå betre vurdering og oppfølging av eksisterande og nye leverandørar.

### Samarbeid og initiativ

#### Internasjonalt samarbeid

Noregs Bank har eit utstrekt internasjonalt samarbeid. I tillegg til formalisert internasjonalt samarbeid har Noregs Bank regelmessig kontakt med dei nordiske sentralbankane, Den europeiske sentralbanken (ESB) og andre sentralbankar for informasjons- og kunnskapsdeling.

I forvaltning av Statens pensjonsfond utland støttar ein initiativ der fleire selskap eller investorar går saman om å finne felles standardar for berekraftig verksemd. Slike initiativ fungerer best når fleire selskap i éin bransje eller éi verdikjede står overfor den same utfordringa. I initiativa våre ser vi på utfordringar som oppfølging av leverandørkjeda og rapportering.

Vi støttar og tek initiativ til forskingsprosjekt for å forstå og bidra til betre marknadsstandardar. Vi samarbeider med akademiske institusjonar for å lære av den seinaste forskinga og skaffe oss analysar som kan vere relevante for investeringsstrategien, risikoanalysane og eigarskapen. I 2021 støtta vi to forskingsprosjekt om klimarisiko og tre prosjekt om selskapsstyring og eigarstruktur. Vi sette i gang eit pilotprosjekt leidd av Saphira Rekker ved University of Queensland Business School for å samanlikne ulike metodar som blir brukte for å måle den langsiktige omstillingsrisikoen i samband med klimaendringar.

#### **Det internasjonale valutafondet (IMF)**

Noregs Bank forvaltar norske rettar og plikter knytte til at Noreg deltek i Det internasjonale valutafondet (IMF). Sentralbanksjefen er den norske staten sin representant (guvernør) i det øvste IMF-organet, guvernørrådet. Den viktigaste finansieringskjelda for IMF-utlåna er innskot frå medlemslanda, som er pliktig for alle medlemslanda. Noregs Bank har ei ståande plikt til å stille valuta tilsvarande den norske kvoten til disposisjon for IMF sine utlån. Noregs Bank stiller òg valutareservar til disposisjon for IMF i form av avtalte trekkrettar. Etter avtale gir Noregs Bank råd til Finansdepartementet om standpunkt i saker som skal opp i IMF-styret.

#### **Teknisk assistanse til sentralbanken i Mosambik**

Noregs Bank har sidan 2017 gitt teknisk assistanse til sentralbanken i Mosambik. Målet er å bidra til å modernisere sentralbankfunksjonane og dekkjer heile sentralbankfeltet. Assistansen skjer i samarbeid med IMF og er finansiert av Utanriksdepartementet.

#### **Den internasjonale oppgjersbanken (BIS)**

Noregs Bank er medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (Bank of International Settlements – BIS), som har som hovudoppgåve å fremje samarbeidet mellom sentralbankane. BIS utfører forretningar for sentralbankane,

utarbeider analysar og statistikk og organiserer møte og diskusjonar mellom medlemsbankane. Sentralbanksjefen deltek regelmessig på møte i BIS. I 2021 blei BIS Innovation Hub Nordic Centre etablert i Stockholm, eit samarbeid mellom BIS og sentralbankane i Sverige, Noreg, Danmark og på Island. Senteret skal særleg arbeide med å analysere finansielle innovasjonar som er viktige for sentralbankar.

#### **Network for Greening the Financial System (NGFS)**

Noregs Bank har vore medlem av NGFS sidan desember 2018. NGFS er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmakter som skal bidra til å auke kunnskapen om korleis finansielle myndigheiter og finanssektoren kan ta omsyn til klimarisikoen og miljøet.

#### **Deltaking i tilsynsarbeidet til EU**

Noregs Bank er medlem i European Systemic Risk Board (ESRB), men har ikkje stemmerett. ESRB identifiserer og analyserer truslar mot finansiell stabilitet i EU og prøver å avgrense systemrisikoen ved å gi tilrådingar om god politikk og åtvaringar om uheldige utviklingstrekk. Noregs Bank deltek òg utan stemmerett på møta i The European Banking Authority (EBA) – den europeiske tilsynsmyndigheita for banktilsyn.

#### **Financial Stability Board (FSB)**

Leiinga i Noregs Bank, Finansdepartementet og Finanstilsynet deltek i FSBs Regional Consultative Group for Europe (RGCE), som er ei gruppe for utveksling av informasjon og synspunkt mellom europeiske land i og utanfor G20. FSB er eit G20-organ som utarbeider analysar og vurderingar av finansielle forhold som inngår i dei ulike prosessane til organet.

#### **Nordisk-baltisk samarbeid om finansmarknadsspørsmål**

Noregs Bank deltek i nordisk-baltisk forum for makrotilsyn (NBMF) og i nordisk-baltisk stabilitetsgruppe (NBSG). I NBMF drøftar sentralbankar og tilsynsmyndigheiter spørsmål knytte til systemrisiko og grensekryssande bankverksemd i regionen. NBSG har som hovudoppgåve å styrkje beredskapen for å kunne handtere grensekryssande truslar mot finansiell stabilitet i regionen. I denne gruppa deltek finansdepartementa òg.

### Ein open sentralbank

Noregs Bank skal vere ein open sentralbank. Brei kunnskap om arbeidet, oppgåvene og ansvarsområda til banken er viktig for å byggje opp tillit. Ambisjonen er å vere open om forvaltinga innanfor rammene som ei forsvarleg gjennomføring av forvaltingsoppdraget set. Noregs Bank har utstrekt kontakt med heile samfunnet.

Gjennom året er foredrag og innlegg blitt prioriterte. Leiinga og fagekspertar i fondet og sentralbanken har halde ei rekkje digitale foredrag for ulike målgrupper.

Det er særleg blitt satsa på å nå studentar og yngre målgrupper. I tillegg prøver banken å få til besøk i alle landsdelar kvart år. Også i 2021 deltok banken på KÅKÅnomics i Stavanger. Og for første gong var banken representert på Arendalsuka med arrangement knytte til både fondsforvaltinga, sentralbankverksemda og Kunnskapssenteret.

Gjennom nettsidene til Noregs Bank og Norges Bank Investment Management prøver banken å kommunisere på ein forståeleg måte både med det norske folket og internasjonale målgrupper. Noregs Bank prøver heile vegen å dele informasjon som allmenta kan ha interesse av, og vi publiserer ei rekkje rapportar og publikasjonar om fagtema. I 2021 begynte Noregs Bank å publisere alle stemmene i fondet fem dagar før generalforsamlingane finn stad. Det blir gjort for å vere open om banken sine preferansar som eigar, og for at marknaden betre skal forstå kva syn banken har.

Sosiale medium og fagbloggen er ein viktig del av openheitsstrategien til Noregs Bank. I 2021 styrkte banken bruken av slike kanalar ytterlegare, og , og vi prøver no å nå ut til yngre målgrupper og profesjonelle aktørar.

Forskingsmiljøet i Noregs Bank er eit bindeledd mellom banken og academia. I 2021 har forskarar i Noregs Bank hatt omfattande kontakt med forskarar frå universitet og andre sentralbankar gjennom felles forskingsprosjekt og presentasjon av igangverande arbeid på norske og internasjonale konferansar og seminar. I 2021 fekk forskarar i Noregs Bank godkjent 16 artiklar for publisering i tidsskrift med fagfellelvurdering.

Norwegian Finance Initiative (NFI) blei oppretta av Noregs Bank for å fremje finansiell økonomisk forskning og utdanning. NFI deler ut ein pris til studentar for beste masteroppgåve og publikasjonsbonus for framifrå forskning til fakultetsmedlemmer innanfor finansiell økonomi i tillegg til å tilby «PhD scholarship»-program og co-finansiering av professorat. Frå 2022 er programmet omdøpt til Norges Bank Academic Programme, og det gir no støtte innanfor både makroøkonomi og finansiell økonomi.

### Verifikasjon

Revisoren til banken, Deloitte AS, har gjort ein uavhengig gjennomgang av informasjonen som er presentert i kapitla Verksemdsstyring, etikk og kultur og Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland, og av klimarekneskapen, som vist i tabell 3.

## Uavhengig attestasjonsuttalelse – informasjon om ansvarlig forvaltning og klimapåvirkning

Norges Banks Representantskap («representantskapet») har engasjert Deloitte AS til å foreta en uavhengig gjennomgang av informasjon inntatt i Norges Bank – Årsrapport og regnskap 2021, kapitlene «Klimarisiko i Statens pensjonsfond utland» og «Klima- og miljøpåvirkning i Norges Banks drift» under området Klima og miljø, samt «Ansvarlig forvaltning av Statens pensjonsfond utland» under området Virksomhetsstyring, etikk og kultur. Vår oppgave er å gi representantskapet moderat sikkerhet for at:

- Norges Bank har etablert rutiner for å identifisere, samle inn, sammenstille, dokumentere og kvalitetssikre informasjon for 2021 til bruk i kapitlene nevnt ovenfor.
- Informasjonen i ovennevnte kapitler er presentert i samsvar med underliggende dokumentasjon.

### Hovedstyrets og sentralbanksjefens ansvar

Hovedstyret og sentralbanksjefen er ansvarlig for utarbeidelse og presentasjon av informasjonen omfattet av attestasjonsoppdraget. Hovedstyret og sentralbanksjefen er også ansvarlig for slik internkontroll som de finner nødvendig for å kunne utarbeide informasjon som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

De prinsipper Norges Bank har anvendt for utarbeidelse av ovennevnte kapitler er beskrevet i kapitlene.

### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å uttrykke våre konklusjoner med moderat grad av sikkerhet knyttet til informasjonen i Rapporten. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med ISAE 3000 (revidert) Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, utgitt av International Auditing and Assurance Standards Board.

Deloitte AS anvender International Standard on Quality Control 1 og opprettholder følgelig et omfattende kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, profesjonelle standarder og gjeldende lovmessige og regulatoriske krav.

Vi har utført oppdraget i samsvar med krav til uavhengighet og andre etiske krav i Code of Ethics for Professional Accountants utgitt av International Ethics Standards Board for Accountants, som bygger på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, profesjonell kompetanse og tilbørlig aktsomhet, konfidensialitet og profesjonell atferd.

Handlingene utført på et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, avviker i art og tidspunkt fra et attestasjonsoppdrag som skal gi betryggende sikkerhet, og er mindre i omfang; og følgelig er graden av sikkerhet som fremskaffes på et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet betydelig lavere enn sikkerheten som ville ha vært fremskaffet hvis det var blitt utført et attestasjonsoppdrag som skal gi betryggende sikkerhet.

Basert på en vurdering av vesentlighet og risiko, har vårt arbeid omfattet analyser og intervjuer med ansvarlige for arbeidet med de tema som omfattes av attestasjonsoppdraget, samt stikkprøvemessig gjennomgang av underliggende dokumentasjon for informasjonen gitt i de nevnte kapitlene.

Vi har utført det arbeid vi mener har vært nødvendig for å avgi vår uttalelse med moderat grad av sikkerhet.

Etter vår mening er innhentet bevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.



## **Konklusjon**

Vi har gjennom vårt arbeid ikke fått kjennskap til forhold som gir oss grunn til ikke å anta at:

- Norges Bank har etablert rutiner for å identifisere, samle inn, sammenstille, dokumentere og kvalitetssikre informasjon for 2021 til bruk i kapitlene nevnt ovenfor.
- Informasjonen i ovennevnte kapitler er presentert i samsvar med underliggende dokumentasjon.

Oslo, 9. februar 2022  
Deloitte AS

Signert elektronisk

Henrik Woxholt  
statsautorisert revisor

Signert elektronisk

Frank Dahl  
fagekspert bærekraft



Noregs Bank  
Bankplassen 2,  
Postboks 1179 Sentrum, NO-0107 Oslo  
T: +47 24 07 30 00, [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no), [www.nbim.no](http://www.nbim.no)  
E-post: [central.bank@norges-bank.no](mailto:central.bank@norges-bank.no), Reg.nr.: 0629/7

Foto: GettyImages, Istock, Nils Stian Aasheim